



Arkivnr: 2015/59-146

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		20.08.2015

Klage på avslag på søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak

Samandrag

Klagen er førebudd av kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for kultur- og ressursutvalet til ny vurdering jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd.

Gategym fekk avslag på sin søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak som vart handsama i KURE 16. april 2015. Det vert søkt om hovudsakleg kurs, reise og leige av instruktørar og lokale. Søkjar fekk avslag som vart grunngjeve med at tiltaket er organisert under eit AS, og såleis ikkje søknadsretta.

Søkjar har sendt inn rettidig klage og den kan realitetshandsamast. Det vert i klagen vist til at Gategym, som er oppført som søker, er ein frivillig registrert organisasjon. Dei ønskjer at søknaden vert revurdert og at søknadssummen på kr 30.000 vert tilkjent tiltaket.

Fylkesrådmannen ønskjer å oppretthalde avslaget pga at koplinga er for tett mellom Folkelig AS og prosjektorganisasjonen Gategym. [Folkelig](#) er eit AS ([sjå Folkelig i Brønnøysundregisteret](#)) oppretta med ønske om å jobbe med folkehelse. [Gategym](#) ([sjå Gategym i Brønnøysundregisteret](#)) ligg under Folkelig og er registrert i Brønnøysund som frivillig verksemd. Dei to initiativtakarane sit også i begge styra. I tillegg ser ikkje fylkesrådmannen at tiltaket dekkjer formålet med tilskotordninga tilstrekkeleg då det vert teke deltakaravgift på kr. 40,- per gong.

Formålet med ordninga er sikring av grunnlaget for allemannsretten og som tilrettelegging for det enkle friluftslivet. Tilskotsordninga skal vere med på å skape betre tilrettelegging for friluftsliv i lokalmiljøa. I retningslinene heiter det m.a. at dei som kan søker er følgjande: frivillige lag, organisasjoner, kommunar, grendalag, velforeininger. Det vert ikkje gjeve tilskot til fortenestebaserte verksemder.

Forslag til vedtak

Vedtaket frå KURE 16.4.2015 vert oppretthaldt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.07.2015

Gategym fekk avslag på sin søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak som vart handsama i KURE 16. april 2015. Det vert søkt om hovudsakleg kurs, reise og leige av instruktørar og lokale. Søkjar fekk avslag som vart grunngjeve med at tiltaket er organisert under eit AS, og såleis ikkje søknadsretta.

Folkelig er eit AS ([sjå Folkelig i Brønnøysundregisteret](#)) oppretta med ønske om å jobbe med folkehelse.

Gategym ([sjå Gategym i Brønnøysundregisteret](#)) og Smaksverkstedet ligg under Folkelig og er registrert i Brønnøysund som frivillig verksemd. Dei to initiativtakarane sit også i begge styra.

Fylkesrådmannen ønsker å oppretthalde avslaget.

Formålet med ordninga er sikring av grunnlaget for allemannsretten og som tilrettelegging for det enkle friluftslivet. Tilskotsordninga skal vere med på å skape betre tilrettelegging for friluftsliv i lokalmiljøa.

Om ordninga

Desse kan søkje;

Frivillige lag, organisasjonar, kommunar, grendalag, velforeininger. Det vert ikkje gjeve tilskot til fortenevestbaserte verksemder.

Formålet med ordninga;

Tilskot til prosjekt frå denne tilskotsordninga skal gå til lokale friluftslivstiltak som sikrar grunnlaget for allemannsretten og som legg til rette for det enkle friluftslivet. Tilskotsordninga skal vere med på å skape betre tilrettelegging for friluftsliv i lokalmiljøa.

Dette kan støttast;

Søknader om midlar til nye aktivitetsfremmende tiltak med overføringsverdi til andre vert prioritert. Midlane kan nyttast til t.d. utandørs treningsapparat og felles utstyrssbankar. Tiltak som kan støttast gjennom andre tilskotsordningar vert ikkje prioritert. Tiltak som har fått tilskot i tre år vert rekna som driftstilskot, og vert ikkje prioritert.

Ny vurdering

Prosjektet er å skape eit tilbod om trening i nærmiljøet. Deltakarane kan kjøpe klippekort for å delta. Aktiviteten skjer utandørs og med enkle hjelpemiddel. Det vert søkt om tilskot til kurs, reise, instruktørar og leige av lokale til kurs.

Det er tett kopling mellom Folkelig AS og prosjektorganisasjonen Gategym. Initiativtakarane innehavar hovudverva i begge styra, og på nettsida [folkelig.no](#) vert Gategym presentert som eit prosjekt som Folkelig driv.

I tillegg ser ikkje fylkesrådmannen at tiltaket dekkjer formålet med tilskotordninga tilstrekkeleg då det vert teke deltakaravgift på kr. 40,- per gong.

Innan søknadsfristen 15. februar kom det 75 søknader med ein samla søknadssum på kr 2 975 820. Til fordeling hadde Kultur- og ressursutvalet kr 720.000,-.